



## SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval                           | Møtedato   |
|-------------|---------------------------------|------------|
| 119/16      | Komit  for plan og utvikling    | 08.03.2016 |
| 22/16       | Komit  for drift og forvaltning | 08.03.2016 |
|             | Kommunestyret                   |            |

### Planstrategi 2016-2019

#### Samandrag av saka:

Saka gjeld planstrategi for 2016-2019, som vart utsett ved behandling av  konomiplan,  rsbudsjett og handlingsprogrammet i desember 2015. Bakgrunnen for utsetting av planstrategien var  nskje om   avvente dr ftingar av kommunereforma.

Orienteringssak om vidare behandling av planstrategien vart lagt fram for komit  for drift og forvaltning og komit  for plan – og utvikling i m te 9. februar.

F remålet med den kommunale planstrategien er   prioritere kva planoppg ver kommunen b r starte opp eller vidaref re, for best   m te kommunen sine behov. Sett i lys av forhandlingane om kommunesamansl ing er mange av planane vurdert ut i fr  at det kan koma endringar i kommunestrukturen. Arbeidet med ein felles samfunnsplan blir viktig for   dr fte moglegheitene ein eventuell ny storkommune gir. Det vert tilr dd   starte tidlig med dette arbeidet.

Framlegg til planstrategi er supplert med ny kunnskap om utfordringar kommunen st r overfor. Planstrategien har ogs  lagt inn prioritering av tre planar, kommunedelplan (KDP) trafikksikring, KDP milj , klima og energi og plan for kulturminne, i samsvar med vedtak i KS, sak 125/15.

Arealdelen til kommuneplanen (KPA) blei vedteken i juni 2015 og legg f ringar for framtidig planarbeid (omtalt i planstrategien), og gjeld blant anna overordna plan for Litlesotra. Planstrategien prioriterer ikkje denne planen. R dmannen vil presisere at plankravet i KPA ikkje medf rer eit totalt byggeforbod, men inneber restriksjonar for bygging i uregulerte område. Plankravet hindrar derimot ikkje bygging i medhald av godkjente reguleringsplanar, eller ferdigstilling av reguleringsplanar som var starta opp f r vedtak av KPA juni 2015.

Eigarskap, forankring og legitimitet til planar er avgjerande for   lykkast med   lage gode og effektive styringsdokument. For at eit nytt kommunestyre i storkommunen skal kunne stille seg bak nye planar har det vore avgjerande   ikkje prioritere oppstart av nye planprosessar.

**Prioritering av øvrige planar framkjem av kapittel 5.**

**Endringar i prioriteringane av planoppgåver vil utløyse behov for tilføring av ressursar.**

**Innstillinga frå komiteen til kommunestyret må offentliggjeraast 30 dagar før endelig vedtak i kommunestyret.**

**Innstilling:**

Komité for drift og forvaltning tilrår:

1. Kommunestyret vedtek kommunal planstrategi 2016-2019 slik den ligg føre.
2. Kommunestyret tek den vedlagte folkehelseoversikta for 2015 til orientering.

Komité for drift og forvaltning vedtek:

1. Komité for drift og forvaltning vedtek å legge kommunal planstrategi 2016-2019 ut til offentlig ettersyn i 30 dagar, før saka går vidare til kommunestyret for endelig vedtak.

Straume, den 22.02.2016

Steinar Nesse  
Rådmann

Berit Karin Rystad  
Plan- og utbyggingssjef

**Handsama i Komité for plan og utvikling - 08.03.2016:**

Saka vart teken til orientering.

**Handsama i Komité for drift og forvaltning - 08.03.2016:**

Etter ein lengre diskusjon vart komiteen samde om at dei vil ha saka tilbake igjen etter høyringsperioden slik at dei kan kome med tilråding til kommunestyret. Det vart så lagt fram følgjande fellesframlegg frå komiteen:

Komité for drift og forvaltning vedtek å legge kommunal planstrategi 2016-2019 ut til offentlig ettersyn i 30 dagar.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Komité for drift og forvaltning - 08.03.2016:**

Komité for drift og forvaltning vedtek å legge kommunal planstrategi 2016-2019 ut til offentlig ettersyn i 30 dagar.

### **Dokument vedlagt saka:**

- Framlegg til planstrategi 2016-2019
- Oversikt plansystemet og definisjon av omgrep
- Skriv frå kommunal og moderniseringsdepartementet 29.4.2015
- Folkehelseoversikta 2015 (vedlagt folkehelseoversikt er eit førebels arbeidsdokument, den endelige oversikta vil følgje saka til kommunestyret).

### **Saksopplysningar:**

Planstrategien er heimla i plan- og bygningslova (§10-1), og skal utarbeidast og vedtakast minst éin gong kvar valperiode, seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre. Utarbeiding av strategien skal gi ein arena (prosess) for å drøfta utviklingstrekk i kommunen både som samfunn og organisasjon, og som grunnlag for å vurdere og prioritere planbehovet i kommunestyreperioden.

- Kommunestyret stadfesta i sak 125/15 den 17.12.2015, vedtak til komité for drift og forvaltning. Planstrategien vart utsett til avgjerd om eventuell kommunesamanslåing er gjort.
- KPU har peika på behovet for å få satt i gang arbeidet med ein overordna plan for Nordre Litlesotra.
- Kommunane Fjell, Sund og Øygarden arbeider med ein intensjonsavtale med sikte på kommunesamanslåing. Det skal vera eit felles kommunestyremøte 20. juni, og det skal då gjerast vedtak.

### **Vurdering:**

Prioriteringane i kommunal planstrategi 2016 må lesast i perspektiv av drøftingane som pågår om ny kommunestruktur. Saka er sett på dagsorden før forhandlingsutvalet er ferdige med sitt arbeid, og såleis før drøftingane om kommunereforma er avgjort. Signala tyder på at det går mot ei samanslåing.

### Samfunn og temaplanar

Det er peika på fleire utfordringstrekk og planbehov innanfor planar for tenesteyting og organisering, som gjeld demensplan, handlingsplan mot barnefattigdom og koordinering av flyktningarbeidet og frivillig arbeid. Utfordringane er likevel ikkje større enn at dei kan løysast gjennom drift av tenestene i dag.

Oppstart av desse planane bør venta til kommunesamanslåinga er avklart, slik at ein kan skalera tiltaka i planane riktig, ut i frå befolkningstal og behov for tenesteproduksjon. Ved ei kommunesamanslåing vil det bli behov for å kopla plansystema i dei tre kommunane saman til eit nytt plan- og styringssystem. Samtidig vil det vera behov for å utarbeida nye planar som gjeld for storkommunen, og fasa ut planar som ikkje vil vera relevante lengre. Utarbeiding av felles planstrategi og samfunnsdelen til kommuneplanen kan vera eit naturleg første steg i denne prosessen, og kan gå parallelt med arbeidet med å byggja ein ny kommune. Dette vil krevja mykje ressursar, både politisk og administrativt.

Samfunnsdelen er verktøyet for den heilskaplege planlegginga i kommunen, og for strategisk overordna styring. Gjennom arbeidet med samfunnsdelen skal kommunen vektleggja viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling, og synleggjera dei strategiske vala kommunen tek. Spesielt viktig er dette for sentrale samfunnsforhold som vekst og utvikling, folkehelse,

miljø, barn og unge, integrering, samferdsle og næringspolitikk. Kommuneplanen skal vidare synleggjera utfordringar, mål og strategiar for kommunen som tenesteleverandør og organisasjon.

I arbeidet med å sameina tre kommunar til ein ny storkommune er det viktig med ei felles oppfatning av korleis samfunnsutviklinga skal vera i eit langsiktig perspektiv. Gjennom arbeidet med samfunnsdelen får den nye kommunen moglegheit til å fatta kunnskapsbaserte avgjersler om ei felles framtid, og einast om visjonar, mål og strategiar for utvikling av kommunen som samfunn og som organisasjon.

### Arealplanar

Arealdelen til kommuneplanen (KPA 2015-2026) har blitt rullert i kvar av dei tre siste kommunestyreperiodane. Gjeldande plan blei vedteken juni 2015. Ein manglande samfunnsdel gjer rulleringa av arealdelen meir ressurs- og tidkrevjande, då den må ta opp ein del tema, prinsippavklaringar og strategiske val, som burde vore avklart i samfunnsdelen.

KPA 2015-2026 peikar på tema som ikkje er tilstrekkelig løyst, og som skal løysast gjennom eigne overordna planprosessar. Rådmannen tilrår ikkje oppstart av planprosessar for desse planutfordringane (omtalt i planstrategien), då det er naturleg å sjå dette i samheng med ein eventuell felles arealplan for ein ny storkommune.

Ei av utfordringane som KPA utsette til ein seinare planprosess, var området nordre Litlesotra. Her er det stilt krav om overordna plan i KPA 2015-2026, noko som har utløyst etterspurnad av denne planen. Plankravet har bakgrunn i eit stort utbyggingspress (innspel til endringar av arealbruk), og kommunen såg behovet for å vurdera utfordringane nærare i ein eigen planprosess. Det vart derfor ikkje gjort endringar i arealbruken som følgje av KPA.

Plankravet i KPA inneber ikkje eit totalt byggeforbod, men gjev restriksjonar for bygging i uregulerte område. Plankravet hindrar derimot ikkje bygging i medhald av godkjente reguleringsplanar, eller ferdigstilling av reguleringsplanar som var starta opp før vedtak av KPA juni 2015.

Planstrategien er klar på at det er utfordringar med plankravet som ligg i KPA. Det har til no vore to dispensasjonar frå plankravet for bygging av einebustader, den eine i eit uregulert bustadområde, og den andre på ei frådelt tomt i LNF. Ingen av sakene er påklaga av Fylkesmannen. Administrasjonen vil derfor endre praksis for saker som gjeld bygging på tomter frådelt til bustadformål.

Framtidsutvikling i Fjell kommune handlar også om at eit bysamfunn veks fram. Samfunnsoppdraget vi har i kommunen må utviklast med dette for auga. Kommunen skal vera ein aktiv tilretteleggjar for utvikling av gode by- og stadkvalitetar.

Straume er definert som eitt av ti regionsenter i Hordaland (Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026). Eit regionsenter er ein tettstad som inneheld senterfunksjonar som handel og tenester for eit definert omland. Omlandet er her definert som Sund og Øygarden. Regionsentra skal vera så robuste at dei vil fungere også om kommunegrensene blir endra. Regionsentera har ei viktig rolle i å tilby innhald og funksjonar som ein ikkje kan forventa å finna i alle kommunar.

Byregionprosjektet (BYR) har som mål å utarbeida utviklingsstrategiar for tema bustad, næring og sykkel i regionsentra. Det er viktig at utbygging i randsona til Straume ikkje går på bekostning av eit sterkt og mangfaldig senter. Derfor er det behov for å definera utstrekninga

på regionsenteret (utstrekning av sentrum). På den måten vil kommunen kunna klargjera strategiar som gjev føringar for utvikling av randsona til Straume.

Planstrategien har lagt vekt på at BYR er avgjerande for vidareutvikling av Straume, og førande for prioritering av planbehovet på Litlesotra. Rådmannen tilrår derfor at nye planar for utbygging på Litlesotra vert satt på vent til utviklingsstrategiane for regionsenteret har blitt utarbeidd gjennom BYR.

Eigarskap, forankring og legitimitet til planar er avgjerande for å lykkast med å lage gode og effektive styringsdokument. For at eit nytt kommunestyre i storkommunen skal kunne stille seg bak nye planar har det vore avgjerande å ikkje prioritere oppstart av nye planprosessar. Rådmannen vil presisere at endringar i prioriteringane vil utløyse behov for ressursar.